

## KOMMISJONSVEDTAK

2001/EØS/26/16

av 18. juni 1999

**om endring av vedtak 96/579/EØF og 97/808/EØF om framgangsmåten for samsvarsattesting av byggvarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til høvesvis fast vegutstyr og underlagsdekke(\*)**

[meldt under nummeret K(1999) 1484]

(1999/453/EØF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPEN  
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggvarer<sup>(1)</sup>, endra ved direktiv 93/68/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonen har alt gjort ei rekkje vedtak om samsvarsattesting av byggvarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i direktiv 89/106/EØF. Det kan verte naudsynt å tilpasse vedtaka til den tekniske utviklinga. Det er tilfellet for vedtak 96/579/EØF<sup>(3)</sup> og 97/808/EØF<sup>(4)</sup>.
- 2) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnar frå Det faste byggjeutvalet –

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkelen 1*

I vedtak 96/579/EØF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I vedlegg II vert følgjande strekpunkt sett inn under overskrifta «Varer til vegoppmerking»:

«– påstrøingsmateriale (glasperler, friksjonsmateriale og kombinasjonar av desse),»

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kungjort i EFT L 178 av 14.7.1999, s. 50, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 30/2000 av 31. mars 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 27 av 15.6.2000, s. 8.

(<sup>1</sup>) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(<sup>2</sup>) TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

(<sup>3</sup>) TEF L 254 av 8.10.1996, s. 52.

(<sup>4</sup>) TEF L 331 av 3.12.1997, s. 18.

- 2) I vedlegg III, i tabellen for varegruppa «FAST VEGUTSTYR 1/2», vert følgjande strekpunkt sett inn i kolonna «Varer» under overskrifta «Varer til vegoppmerking»:

«– påstrøingsmateriale (glasperler, friksjonsmateriale og kombinasjonar av dei).»

*Artikkelen 2*

I vedtak 97/808/EØF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I vedlegg I vert følgjande ledd lagt til:

«Avrettingsmateriale til utandørs bruk

Avrettingsmateriale til innandørs bruk som er klassifiserte i brannmotstandsklasse A<sub>FL</sub>, B<sub>FL</sub> eller C<sub>FL</sub>, og som har ei yting ved brannpåverknad som ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen, i brannmotstandsklasse D<sub>FL</sub>, E<sub>FL</sub> eller F<sub>FL</sub> og dessutan i brannmotstandsklasse AFL, der ytinga ved brannpåverknad etter vedtak 96/603/EØF ikkje treng prøvast.»

- 2) I vedlegg II vert følgjande ledd lagt til:

«Avrettingsmateriale til innandørs bruk som er klassifiserte i brannmotstandsklasse A<sub>FL</sub>, B<sub>FL</sub> eller C<sub>FL</sub>, og som har ei yting ved brannpåverknad som kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som vert utsette for kjemiske endringar, t.d. brannhemmende middel, eller varer der endringar i samansettningen kan føre til endringar i ytinga ved brannpåverknad).»

- 3) I vedlegg III, i tabellen for varegruppa «UNDERLAGSDEKKE 2/2», vert følgjande rad lagd til:

«Avrettingsmateriale	Til innandørs bruk	$A_{FL} - B_{FL} - C_{FL}$ <sup>(1)</sup>	1 <sup>(2)</sup>
		$A_{FL} - B_{FL} - C_{FL}$ <sup>(3)</sup>	3 <sup>(4)</sup>
		$A_{FL}$ <sup>(5)</sup> – $D_{FL}$ – $E_{FL}$ – $F_{FL}$	3 <sup>(4)</sup>
	Til utandørs bruk		4 <sup>(6)»</sup>

*Artikkkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 18. juni 1999.

*For Kommisjonen*

Martin BANGEMANN

*Medlem av Kommisjonen*